



Statens naturoppsyn, miljødirektoratet
v/ Ander Voss Thingnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7971 - 20/18304

Saksbehandlar:
Maya Riise
maya.riise@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2020

Godkjenning dispensasjon frå kravet om bandtvang for hund

Administrativt vedtak. Saknr: 20/7971

Vedtak

Alver kommune gjev statens naturoppsyn, i tråd med søknad, dispensasjon frå kravet om bandtvang for perioden 02.-20. april 2020 på Tjuvholmen og Kongsøyna. Vedtaket har heimel i § 9 i lov om hundehald

Saksutgreiing:

Statens naturoppsyn søkjar om dispensasjon frå kravet om bandtvang og skriv i ein e-post datert 2. april 2020:

Søknad om dispensasjon frå bandtvang i perioden 02.04.2020 – 20.04.2020

Statens naturoppsyn arbeider med uttak av mink for å fremme hekking av sjøfugl i Vestland fylke. I Alver kommune ynskjer fylkesmannen i Vestland at vi fjerner mink på Tjuvholmen og Kongsøya før hekkesesongen.

Uttaket vert utført ved bruk av ein jaktlabrador som lokaliserer minken, som då vert avliva med finkalibra våpen eller hagle.

Statens naturoppsyn v/ Anders Voss Thingnes søker om dispensasjon frå § 6 i hundelova i perioden 02.04.2020 – 20.04.2020 for å utføre dette arbeidet.

I § 6 i lov om hundehald (hundelova), står det :

I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade storfe, sau,

geit, fjærfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo.

I § 9 i same lova, står det :

Båndtvang fastsatt i eller i medhold av §§ 4, 6 og 7 gjelder ikke for særlige bruksformål når dette er fastsatt av kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Maya Riise
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statens naturoppsyn,
miljødirektoratet